

**Protokoll**  
**Styremøte nr. 1/2019**  
***Norges Friidrettsforbund***  
Tirsdag, 29.januar 16.30  
Radisson Hotell Gardermoen

**Tilstades:** Ketil Tømmernes, Kalle Glomsaker, Ragnfrid Margrete Nedberge LLano, Kari Ann Nygård, Geir Nordtømme, Anne Farseth (forfall sak 1), Svein Arne Hansen (forlet møtet under behandling av sak 8), Henrik Carstens, Lill Berit Løyte Sjøsåsen, Mathias Vangsnes

**Forfall:** Anne Farseth (sak 1), Geir Nordtømme (sak 8), Kalle Glomsaker (sak 8)

**Referent:** Narve Heggheim

**Fra sentraladministrasjonen Kjetil Hildeskor, Narve Heggheim og Berit Nøbben**

**Saksliste for styremøte 1-2019:**

- Sak 1/2019 Godkjenning av innkalling og protokoll frå forrige styremøte
- Sak 2/2019 Orientering drift v/gensek og orientering frå kvart enkelt styremedlem
- Sak 3/2019 Regnskap 2018 pr dato
- Sak 4/2019 Representasjonsoppgaver for styret 2019 til Friidrettstinget
- Sak 5/2019 Rammeplan for framtidig regional struktur
- Sak 6/2019 Tingdokumenter og Tingforslag til friidrettstinget i 2019
- Sak 7/2019 Presidentkandidat til NIFs Idrettsting i 2019. NFIF` s posisjon.
- Sak 8/2019 Innstilling av presidentkandidat til Europeiske Friidrettsforbundet

**Sak 1/2019 Godkjenning av innkalling og protokoll frå forrige styremøte**  
Innkalling og protokoll vart godkjend

**Sak 2/2019 Orientering drift v/gensek og orientering frå kvart enkelt styremedlem**  
Styremedlemmer og administrasjon orienterte om saker innanfor sitt arbeidsområde.

**Sak 3/2019 Regnskap 2018 pr. dato**  
Styret vart orientert om regnskap 2018 pr. dato, men dette er ikkje avslutta. Endeleg årsregnskap 2018 blir lagt fram for styret til godkjenning i telefonstyremøte 12. februar kl 17.00.

**Sak 4/2019 Representasjonsoppgaver for styret 2019 til Friidrettstinget**  
Styret vedtok følgjande representasjon fram til Friidrettstinget:

Dato	Arrangement	Stad	Representant
2.-3. februar	Innendørs-NM + NM hopp u/tilløp senior/junior	Haugesund	Ketil
10. februar	FIN-NOR-SWE-ISL/DEN innendørs landskamp	Bærum	Anne
23.-24. februar	NM mangekamp innendørs	Sandnes	Blir sett opp seinre
1.-3.mars	EM innendørs	Glasgow, GBR	Ketil, Anne
1.-3. mars	UM innendørs	Ulsteinvik	Mathias
9.mars	Nordic meeting	Helsinki	Ketil
9-10. mars	NM veteran innendørs	Hvam	Kalle
30. mars	VM terrengløp	Aarhus, DEN	(Friidrettsting)

**Sak 5/2019 Rammeplan for framtidig regional struktur**  
Saka vart utsett til neste styremøte

**Sak 6/2019 Tingdokumenter og Tingforslag til friidrettstinget i 2019**  
Styret vart informert om status på framdrift av utarbeidelse av tingdokumenta. Endeleg dokument blir behandla i neste ordinære styremøte og går til trykking slutten av februar. Hovedfokuset i beretninga skal vere på det som er gjort i tingperioden, så vil president i si oppsummering ta med det som bør få fokus framover. Årets tingdokument skal innehalde ein del bilder som illustrerer det som har skjedd i tingperioden.  
Styret behandla innkomne tingforslag som blir sendt lovutvalget for vidare behandling og endeleg styrebehandling i møte 20. februar.

**Sak 7/2019 Presidentkandidat til NIFs Idrettsting i 2019. NFIF` s posisjon.**  
Etter fleire år med mange omdømmesvekkande saker er Norsk idrett i ein ekstraordinær situasjon.  
Det krev ein president som kan:

- Opprette tillit mellom Norsk idrett og politikarane på stortinget.
- Opprette tillit til ledelsen av Norsk idrett og samfunnet.
- Sikre gode rammebetingelsar til Norsk idrett.
- Fremme det frivillige arbeidet og dugnadsanda i Norsk idrett, Norsk politikk og i samfunnet. Hvis ikkje forfell dugnadsanda som «institusjon» og som

bærebjelke og blir erstatta med dagens moderniseringsprosjekt med «Profesjonalisering av frivilligheten».

**Vedtak: Styret gir president i NFIF i oppgave å fremme NFIF`s synspunkt i saka og presidentkandidat.**

**Sak 8/2019 Innstilling av presidentkandidat til Europeiske Friidrettsforbundet**

Norges Friidrettsforbund innstiller Svein Arne Hansen som presidentkandidat i det europeiske friidrettsforbundet.

**Sak 9/2019 Endring av møteplan**

Styremøte som var oppsett 27. februar blir flytta til onsdag 20. februar 16.30-19.30, møtestad er som før på Gardermoen.

Møtet slutt 19.40